

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 16. februar 2010.**

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Arne Vinje, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Bjørn Nome, Olav Urbø, Sverre Sæter, Hans Kristian Lehmann, Per Dehli, Ketil Kiland, Therese Hauger og sekretær Kjell Gunnar Heggenes.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **Sak 10/2010 Referat frå rådmøte 12. januar 2010.**

*Vedtak: Referat frå rådmøte 12. januar 2010 vert godkjent utan merknader.*

### **Sak 11/2010 Felles grafisk profil for Vest-Telemark, utsett sak.**

Ole Dalen frå Vest-Telemark Næringsutvikling var tilstades og orienterte nærare om saken. Forslaget til felles grafisk profil vart godkjent i rådmøte 19. mai 2009 etter å ha vore lagt fram i kvar enkelt kommune. Rådet vedtok at ein skulle kome nærare attende til bruken av denne. Notatet "Vest-Telemark sitt nye andlet mot verda" fastset rett bruk av profilen og gjev døme på slik bruk.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til retningslinene for bruken av den felles grafiske profilen. For til ei kvar tid å fastsetje rett bruk av profilen opprettar Rådet fylgjande gruppe:*

- Regionordførar Anne Nora Oma Dahle
- Leiar av rådmannsutvalet Ketil Kiland
- Leiar av Vest-Telemark Næringsforum Olav A. Veum
- Prosjektleiar Ole Dalen

### **Sak 12/2010 Organisering av politiet i Vest-Telemark.**

Som grunnlag for saken låg det føre ei fersk utgreiing om mogleg samlokalisering av lensmannskontor i Vest-Telemark.

Ei arbeidsgruppe innan lensmannsetaten står bak utgreiinga som konkluderer med ei samanslåing av lensmannskontora i Kviteseid, Tokke og Vinje. Gruppa rår vidare til at det vert oppretta ei ny gruppe som skal vurdere geografisk plassering av eit mogleg samanslege kontor. I brev frå Telemark Politidistrikt datert 22. januar 2010 adressert til ordførar/rådmann i dei seks Vest-Telemarkkommunane vert kommunane invitert til å delta med 2 personar i denne gruppa.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til invitasjonen frå politidistriktet, men kan ikkje akseptere at kommunane er representert med berre 2 personar i ein så avgjerande sak som dette.*

*Rådet krev ein at kvar enkelt kommune blir representert i den vidare prosessen og regionordførar og leiar av rådmannsutvalet får i oppdrag å ta snarleg kontakt med politimester Anne Rygh Pedersen i saken.*

### **Sak 13/2010 Kollektivtransport i distrikta – midlar 2010, orientering.**

Regionrådsleiar informerte innleiingsvis frå arbeidet i KID-gruppa der Telemark fylkeskommune no har sendt søknad til Samferdselsdepartementet om midlar til eit fylkesomfattande prosjekt gjeldande samordna informasjon og marknadsføring.

I tillegg tok regionrådsleiar opp problematikken omkring fornyinga av avtalene mellom fylkeskommunen og trafikkselskapa gjeldande kollektivtenestene i distrikta.

På bakgrunn av signal om mogleg konkurranseutsetting av desse, vart det uttrykt bekymring i høve til moglege konsekvensar for dei lokale ruteselskapa og deira tilsette.

Ein vesentleg del av rutetilbodet er i dag samansett av kommersielle ekspressruter og lokale tilbringarruter der ruteselskapet tek eit heilskapleg ansvar for dei reisande. Denne kombinasjonen er avgjerande for at det finst eit rutetilbod i distriktet. Resultatet av ein komande anbodsrunde kan vera at dei lokale selskapa taper avgjerande delar av inntektsgrunnlaget og at lokale arbeidsplassar vert borte.

Erfaringar viser at ein kan spare pengar i 1. anbodsrunde, men at prisane aukar i stort mon ved 2. runde slik at argumentet om å spare pengar såleis ikkje held mål over tid.

I Sverige, der anbod har vore i bruk i ei rekkje år, ynskjer ein no å gå attende til tidlegare kontraktsformer med marknadsansvar lagt til transportutøvarane.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande og vil så sterkt som råd oppmode Telemark fylkeskommune til å fornye avtalene med dei lokale kollektivselskapa i same kontraktsform som no, dvs. netto-kontrakt (tenestekonsesjons-kontrakt).*

*Rådet vil peike på at det etter dagens lovar og forordningar er høve til slik fornying, og ser perioden fram mot 2019 som svært viktig for å førebu distrikta og dei lokale kollektivselskapa på dei endringa som mogleg måtte kome i kraft av EU sine forordningar.*

#### **Sak 14/2010 Norsk Kulturarv, orientering.**

Direktør Grete Horntvedt var tilstades og orienterte nærare om Norsk Kulturarv.

Organisasjonen arbeider for å synleggjera kulturminneverdiar gjennom næringsutvikling og aktivt bruk og marknadsfører kulturarvopplevingar i heile landet.

Norsk Kulturarv vart stifta i 1993 og har i dag samarbeid med 37 kommunar. I Telemark er Hjartdal og Tinn med i samarbeidet og organisasjonen vil gjerne utvide dette til å gjelde fleire kommunar. Aktuelle samarbeidsområde er restaurering/vedlikehald, synleggjering av kulturminne, undervisningsopplegg i grunnskulen samt utviklingsarbeid.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.*

#### **Sak 15/2010 Statens Vegvesen, handlingsprogram 2010 – 2013 (2019).**

##### **Orientering og drøfting av ein del viktige vegsaker.**

Børge Skårdal frå Vest-Telemark Næringsutvikling var tilstades i denne saken.

Som grunnlag låg det føre utskrift av handlingsprogram for 2010 – 2013 (2019) for rute 5a E134 Drammen – Haugesund med tilknytningar. Handlingsprogrammet viser fylgjande: Perioden 2010 – 2013.

- Oppfylgjing av den vedtekne Haugalandspakka
- Stordalstunnelen (100 mill)
- Statlege midlar i fyrste 4-årsperiode til oppstart av Damåsen – Saggrenda (100 mill)
- Det vert lagt opp til å starte bygginga av Århus – Gvammen (350 mill)

Perioden 2014 – 2019.

- Fullføring av Damåsen – Saggrenda (450 mill)
- Fullføring av Århus – Gvammen (750 mill)
- Det vurderast som aktuelt å prioritere statlege midlar til å starte bygging av nye tunnellar på E134 over Haukelifjell og forbi Røldal (450 mill)

Børge Skårdal viste til at AS Haukelivegen no har sendt brev til Hordaland fylkeskommune, Hardangerrådet, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Haugalandrådet og Vest-Telemarkrådet med tanke på å etablere eit bompengeselskap for Røldal/Haukelifjell. Føremålet med selskapet er i fyrste omgang å forskottere vidare planarbeid gjennom låneopptak. I brevet ber AS Haukelivegen om prinsipiell tilslutning til slik etablering.

I samband med overføring av vegansvar frå Staten til fylkeskommunane har Rv41 Brunkeberg – Kristiansand fått riksvegstatus og går inn klasse med E18, E134 og Rv36. Det er sett i gang eit arbeid for å kartlegge planstatus og utarbeide naudsynte planer for vidare arbeid.

Skårdal viste også til ein tidlegare framlagt oversikt over hovudvegnettet i Vest-Telemark der ein prioriterer vegane:

- Tjønefoss – Fyresdal – Krossli - Dalen – Åmot – Rauland
- Vrådal - Krossli

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.*

*Vest-Telemarkrådet sluttar seg til forslaget frå AS Haukelivegen om at det vert danna eit bompengeselskap for å finansiere planlegging og bygging av nye tunnelar ved Røldal/Haukelifjell.*

*I samband med hovudvegnettet i regionen ynskjer Rådet i fyrste omgang å prioritere standardheving på delstrekningane Tjønefoss – Krossli og Dalen – Åmot.*

#### **Sak 16/2010 Ymse.**

##### Samhandlingsreformen.

Ketil Kiland orienterte om framdrifta i saken. Det vert no lyst ut stilling som koordinator for det vidare arbeidet med samhandlingsreformen. Kontorstad skal vera i regionen.

##### Skjønnsmidlar 2010.

Vest-Telemarkrådet er tildelt 1 710 000,-i skjønnsmidlar for 2010.

##### Felles utspel frå fylkesbondelaga i Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark.

Det låg føre brev frå Telemark Bondelag med oppmoding om å støtte ei felles uttale frå dei nemnde fylkesbondelaga for å få til eit lyft for mjølkeproduksjonen i dei 3 fylka.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til innhaldet i brevet som vert vidaresendt kvar enkelt kommune.*

##### Mogleg deltaking i arbeidsgruppa for handlingsplan i landbruket.

Det låg føre brev frå Telemark Bondelag datert 1. februar 2010 med ynskje om deltaking frå dei lokale bondelaga i arbeidsgruppa som skal lage handlingsplan for landbruket i regionen.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til tidlegare vedtak og held fast på samansetjinga av arbeidsgruppa.*

##### Vinje best igjen.

Vinje er nyleg kåra til landets beste kommune på service- og kunnskapsnivå innan tekniske tenester. I 2008 fekk kommunen Amnesty-prisen og vart i 2009 kåra til årets kulturkommune. Vest-Telemarkrådet ynskjer å markere desse gode resultatane og overrekte blommar til ordførar Arne Vinje. Rådet vil gjerne kome til Vinje kommune for å få nærare orientering om tenestene og ynskjer å halde eit komande rådsmøte der.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes